

Tilbake til grunnrentelandet: ei idehistorisk utgreiing om grunnrenteskatt som prinsipp

Eirik Magnus Fuglestad og Reidar Almås, forskarar ved Ruralis – Institutt for Rural og regional forskning

eirik.m.fuglestad@ruralis.no reidar.almas@ruralis.no

For å løfta grunnrenta fram i den politiske debatten, legg denne artikkelen fram ei analyse av prinsippet om skatt på grunnrente med vekt på Ricardo, Marx, George og den norske historia. Skatt på grunnrente vart brukt for å forvalta fossekrafta og oljeressursane, og var svar på korleis nasjonalstaten skulle tøyta industrisamfunnets veksande ulikskap gjennom ein moralsk politikk. Ei drøfting av grunnrenta er relevant for korleis me skal forvalta våre felles naturressursar i framtidens bioøkonomi.

This article offers a history of ideas of the principle on ground rent taxation with a focus on the ideas of Ricardo, Marx and George, and how these have been and might be applied in the Norwegian historical context. Ground rent tax was applied to hydropower and oil extraction in Norway as a means to bridle the growing inequalities produced by industrial capitalism in the 20th century. The same principles may be applied when Norway is now about to enter its bioeconomic phase where great values may also be produced from natural recourses.

Key words: Ground rent, Ricardo, Marx, George, bioeconomy

Noreg er ein naturressursbasert økonomi (Thue 2008), og det har særmerkt den moderne nasjonsbygginga vår. I tida etter at Noreg hadde vunne sjølvstende i 1905, var fordelinga av grunnrente frå naturressursane ei av dei sentrale sakene for den nye nasjonen (Thue 2003; Slagstad, 1998; Nordby 1991). Striden stod om kven som skulle få inntektene som ville koma frå ein av dei store innovasjonane i samtida: elektrisitet ifrå fossekraft. Det var semje om at når arbeidskraft og kapital hadde fått avkasting si: lønn og profitt, ville det på toppen av dette vera ein ekstra profitt, ein superprofitt, som gjekk til den som disponerte grunnen eller naturressursen. Dette var grunnrenta, og grunntanken var at denne ekstra avkastinga skulle skattleggjast og superprofitten tilbakeførast til fellesskapet. På 1970-talet vart same prinsippet også lagt til grunn i forvaltninga av oljeinntektene (Hanisch og Nerheim, 1992; Ryggvik 2010).

I dag har skatt på grunnrente så langt vorte forkasta for høvesvis oppdrettsnæringa og for vindkraft. Statsvitarane Anne Margrete Brigham og Jonathon Moses har i denne samanhengen stadfesta at det har vorte eit «brudd i forvaltningstradisjonen for naturressurser» (Brigham og Moses, 2021: 4). Før vart det i større grad anerkjent at verdifulle og avgrensa naturressursar hørte folket til, og at folket dimed hadde rett på ein del av grunnrenta frå desse ressursane. Me meiner at ein del av grunnrenta frå sentrale naturressursar også i framtida bør tilfalla folket.

Dette vil vere ein «moralsk» politikk, som gjer at verdiar forvaltast og eigast også kollektivt demokratisk, i staden for berre privat. Dette moralske perspektivet på grunnrente kjem særleg fram i amerikanaren Henry George (1839-1897) sitt vidgjetne verk om grunnrenteskatt, som me skal sjå.

Til sjuande og sist er grunnrenta eit spørsmål om korleis me som nasjon skal sikkra oss ein rettmessig del av verdien frå naturressursane våre, som me kan bruka på velferd, infrastruktur og ander sentrale oppgåver. Skatt på grunnrente bør difor løftast opp i den offentlege debatten av alle politiske parti som ser forvaltning av dei rike naturressursane våre som viktig. Som eit bidrag til ein fornya diskusjon om fordeling av verdien frå naturressursane våre, skal denne artikkelen presentera og diskutera grunnrenteskatt som prinsipp. Artikkelen startar med NOU 2019:18 som føreslo grunnrenteskatt på oppdrettsnæringa (som vart avvist av det politiske fleirtalet). Så sett me grunnrenteskatt i samanheng med det som er vorte heitande bioøkonomien og det grøne skiftet, før me presenterer ein idehistorisk gjennomgang av grunnrenteskatt som prinsipp, med fokus på David Ricardo, Karl Marx og Henry George. Deretter skal me sjå på korleis slike idear fekk fotfeste i Noreg i det tjuande hundreåret, og til slutt peika på ein mulig årsak til at grunnrenteskatt så langt har mindre gjennomslag i dag.

Grunnrenteskatten som uteblei

«De som tenker at skatt på grunnrente er for sære spesialister kan komme til å angre på det», stod det å lesa i *Skatterett I 2018* (Folkvord og Furuseth 2018: 208). Diskusjonar om skatt på grunnrente har nok mykje vore for dei spesielt interesserte, men dette er noko som angår oss alle. «Grunnrentelandet», har journalist Jon Hustad kalla Noreg (Hustad 2019). Og med rette: den norske økonomien, samfunnsmodellen og velferdsstaten er nemleg i stor grad bygd på grunnrenteinntekter frå vasskraft, olje og gass (Daugstad Sanders et al 2016; Moses og Lethnes 2017). Også langt framover i tid vil Noreg bli verande eit grunnrenteland. Skatt på grunnrente frå fornybare ressursar blir aktualiserte som ei kjelde til inntekt for AS Noreg når oljeinntektene går ned. Regjeringa Solberg sitt utval for tida etter koronakrisa «Norge mot 2025», har til dømes peika på at prinsippa for skattlegging bør diskuterast grundigare i tida framover. Utvalet skriv at me treng ein:

helhetlig gjennomgang av sider ved skattesystemet som kan justeres for å styrke produktivitetsveksten og konkurransekraften, samtidig som fordelingshensyn og hensynet til naturens bærekraft ivaretas (NOU 2021:4 16).

Som eit av tiltaka føreslår utvalet ei grundigare utgreiing av skatt på grunnrente.

Innføring av grunnrenteskatt på nye næringar har allereie vore diskutert. Professor Karen Helene Ulltveit-Moe sto i spissen for NOU 2019:18, som føreslo grunnrenteskatt på oppdrettsnæringa. Forslaget vart avvist i Stortinget, trass i at utgreiinga slo fast at: «Prinsippet om at fellesskapet skal ha en andel av avkastningen ved utnyttelsen av fellesskapets ressurser, har tjent Norge godt» (NOU 2019:18, s210). Nettopp tanken om at fellesskapet har rett på noko av avkastninga frå det som kan sjåast som felles ressursar, er kjernen i skattlegginga av grunnrenta. Som ein førebels og innleiande definisjon av grunnrente, kan me bruka den frå utgreiinga om skatt på oppdrettsnæringa. I denne utgreiinga står det at «Kilden til grunnrente vil ofte være en gratis innsatsfaktor, for eksempel en naturressurs», og vidare: «Ofte brukes begrepet grunnrente som et samlebegrep for alle kilder til renprofitt». Reinprofitt som det her er tale om, blir her definert som dei inntektene ei bedrift sit att med etter at kapital og arbeidskraft har fått «sin markedsmsige avlønning», som det heiter (NOU 2019:18 89). Kort sagt er grunnrente den profitten som du får ved å bruka ein verdifull naturressurs, ein superprofitt som ikkje skriv seg frå arbeidet du har lagt ned eller frå kapitalen du har investert, men frå den meiravkastninga du får for å få bruka ein produktiv naturressurs. Det er denne superprofitten som vil bli skattlagt ved ein skatt på grunnrente.

Det er ikkje berre for oppdrettsnæringa at skatt på potensiell grunnrente nyleg har vorte avvist, dette er også tilfellet med vindkraft. Vindkraft har dei seinare åra har vorte sett fram som ei av løysingane på Noreg sin overgang til fossilfri energi (Otte mfl. 2018). Det har vore lite av prinsipielle diskusjonar om grunnrente på vindkraft, trass i at dette er ei industriell utvikling av felles naturressursar. I NOU 2013:10 er saka diskutert, men her slo ein fast at «vindkraft er avhengig av kraftig subsidiering for å bli bygget ut og gir neppe noen grunnrente» (NOU 2013:10, s372). I 2019 meinte likevel forfattarane av NOU 2019: 16 at:

Kostnadene for vindkraft er fallende, og det er høy utbyggingstakt. En bør derfor følge utviklingen i vindkraftkostnader og kraftpriser og vurdere om det kan forventes grunnrente (NOU 2019: 16, s. 17).

Dette understrekar eit viktig poeng: det er ikkje alltid at superprofitten ved å bruka ein ressurs viser seg med det same. Difor er det desto viktigare å ha rammeverket klart. Dette kan også peika viktigheita av at fleire får kjennskap til kva grunnrente er, både som økonomisk prinsipp og som moralfilosofisk perspektiv, slik at ein diskusjon om fordeling av potensielle verdier kan bli informert, og koma på eit tidleg stadium. Då treng me noko kjennskap til David Ricardo, Karl Marx og Henry Georg sine grunnrentetankar, og om korleis tankane frå desse har verka i norsk historie. Det faktum desse grunnleggjande teoretikarane på tematikken sjeldan eller aldri er nemnt i NOU litteraturen der grunnrente faktisk har vorte mykje diskutert dei seinare åra, er

endå ein god grunn til å løfta desse fram. I framtida vil prinsipielle diskusjonar om grunnrente og verdi frå naturressursane våre potensielt bli endå viktigare når Noreg tek sikte på å bli ein bioøkonomi, som me skal sjå under.

Grunnrentelandet på veg inn i bioøkonomien?

I 2016 la regjeringa Solberg fram ein strategi for bioøkonomi. Grøn økonomisk vekst basert på fornybare ressursar er kjernen i bioøkonomien (Burton og Fuglestad, 2020a). Bioøkonomien omfattar alt frå tradisjonelle næringar som jordbruk, skogbruk og fiske, til nye næringar som havbruk, bioprospektering og høgteknologiske næringar basert på gen- og gjæringsteknologi. I den norske bioøkonomistrategien er «verdiskapingspotensialet knyttet til bioøkonomien [vurdert] som stort» (Regjeringen, 2016b:5). Blomgren mfl. (2020) har rekna ut at verdiskapinga frå norske bioressursar i 2017 var på 161 mrd. NOK. Det utgjer 7 prosent av verdiskapinga i fastlands Noreg, eller 35 prosent av eksportverdien utanom olje og gass. Blomgren mfl. (2020: 189) skriv at den venta verdiskapinga i tradisjonelle bionæringar er relativt liten, men at «teknologisk utvikling gir grunnlag for å forvente ny og økt utnyttelse av biologiske ressursar». Ny teknologi er ein nøkkel til korleis bioøkonomien vil kunna skapa nye verdiar frå «gamle» ressursar.

Flemsæter mfl (2020) har peika på at dersom nye, transformative bioteknologiar aukar verdien på fleire naturressursar, slik som elektrifiseringa gjorde med vasskrafta, så vil det setja forvaltningsregima for ressursane i spel. Me må dimed vera førebudde på korleis me skal fordela og forvalta ressursar som kan bli mykje meir verd. For å sørga for at verdiane kjem alle til gode, må nye, gode forvaltningsregime på plass. Som det står i den norske bioøkonomistrategien: «På samme måten som lovgivning og forvaltning gav oss eierskap til oljeressursene i Nordsjøen på 1960- og 1970-tallet, vil en god nasjonal og lokal forvaltning av våre fornybare naturressurser [...] være en forutsetning for at fremtidig verdiskaping skal komme alle til gode» (Regjeringen 2016b: 55). Skatt på grunnrenta er ikkje nemnt i bioøkonomistrategien, men skatt på grunnrente frå oljeressursane bidrog strekt til at verdiane frå oljeressursane kom alle til gode. Grunnrenteskatt er difor relevant for bygging av institusjonar og skattlegging også på framtidig bruk av naturressursar. Det er ikkje ressursane i seg sjølve som er avgjerande, men korleis me har forvaltar dei (Almås, 2002, Moses og Lethnes, 2017).

Skatt på grunnrente må også sjåast på i samanheng med aukande økonomisk ulikskap. Thomas Piketty (2014; 2020) har peika på at den økonomiske ulikskapen har stige i heile Europa sidan 1970-talet. Det skjer også i Noreg, mykje fordi dei noverande eigedomsregima gjer dette mulig. I ein slik samanheng bør skatt på grunnrente frå naturressursar og biøkonomiske næringar løftast endå høgare opp som eit verkemiddel for utjamning. Vidare har somme peika på at store delar av økonomien i dag er fråkopla naturressursane, slik at dei blir sett på som ein gratis innsatsfaktor (Dasgupta, 2020; Gomez og Naredo, 2015). I ein kontekst der me skal over i eit grønt skifte og til ein bioøkonomi, kan me spørja om ikkje grunnrenta bør skattleggjast også for å få fram den ibuande verdien som naturen har? Dette er ikkje minst viktig for å sikra folkeleg oppslutning om arealbruk og utnytting av ressursane. Desse problemstillingane kan utdjupast ved å gå inn i dei klassiske grunnrentedefinisjonane, som skal sjå på i dei neste avsnitta..

Den klassiske definisjonen – Ricardo og Marx

Det er David Ricardo (1772-1823) som har fått æra av å stå som den moderne grunnrenteteorien sin far. Ricardos definisjon er dimed den klassiske definisjonen. Som den norske økonomen Wilhelm Keilhau skreiv i avhandlinga si om grunnrentelæra for meir enn 100 år sidan: Ricardo «har stemplet den med sin mægtige aand og lænket den saman med sine særideer» (Keilhau, 1916: 2). Ricardo var britisk og verksam dei første tiåra av 1800-talet. Det mest kjende verket hans: *On the Principles of Political Economy and Taxation*, der han legg fram grunnrentelæra si, vart publisert i 1817. Utgangspunktet for Ricardo var å forstå korleis verdiane frå jorda vart fordelt på dei tre klassane i jordbrukssamfunnet: Jordrente til jordeigaren, avkastning på kapitalen til kapitalisten og lønn til landarbeidaren. Ricardo brukte «land rent» og «ground rent» som sentrale omgrep i analysa si. På norsk har dette vorte omsett med jordrente eller grunnrente.

Ricardo sette føre at det var tre faktorar som skapte verdi: innsats frå arbeidskraft, frå investert kapital og frå grunnen sjølv. Det var den tredje faktoren, grunnen, som gav opphav til grunnrenta slik Ricardo såg det. Grunnrenta kom frå jorda, slik den låg, uavhengig av menneskeleg aktivitet, og den representerte forskjellen i kvalitet på forskjellige jordstykke. Dimed var det «the original and indestructible powers» frå jorda som gav meirprofitten, slik Ricardo formulerte det (Ricardo, 2001: 40). Denne typen grunnrente blir kalla differensialrente. Noko jord, nokre vassdrag, oljefelt eller lokasjonar for oppdrett av fisk er meir gunstige og billigare å utvikla enn andre. Dersom etterspurnaden i ein marknad etter korn, vasskraft, olje eller laks er større enn produksjonen under dei beste vilkåra for slik produksjon, vil prisen desse varene måtte tilsvara produksjonskostnadene under dei dårlegaste vilkåra. Det fører til at dei

som har betre produksjonsvilkår oppnår ein meirprofitt av denne prisen. Dette er, som NOU 2019:18 har vist, tilfelle med oppdrettsnæringa. Dei norske fjordane representerer særst gode produksjonsvilkår for lakseoppdrett, noko som gjer at eigarane oppnår superprofitt. For åra 2016-2018 har grunnrenta lege på 20 mrd nok i året (NOU 2019:18 s 10).

I kapitalistiske samfunn oppstår grunnrenta likevel ikkje berre av forskjellige produksjonsvilkår, men frå det faktum at den private eigedomsretten gir ei lita gruppe personar høve til å monopolisera ein ressurs, som Karl Marx har peika på. Marx utvikla Ricardo sin grunnrenteteori vidare og innførte mellom anna omgrepet «absolutt rente». Ved absolutt rente ser ikkje Marx grunnrenta som ein verdi som kjem frå jorda, slik Ricardo gjorde, men som eit uttrykk for ein historisk betinga sosial relasjon mellom menneske og ting, mellom landeigedom og kapital. Dette er grunnrente forstått som det økonomiske uttrykk av klasserelasjonane knytt til jordeigedommen (Bottmore mfl 2006 s 302-303; Harvey 2018. s 47-49; Sandemose 2018, s 44-45). Marx skriv i tredje bind av Kapitalen med vasskraft som døme, om korleis den private eigedomsretten skaper meirprofitten om til grunnrente ved bruk av ein avgrensa naturressurs:

a waterfall cannot be created by capital out of itself. Therefore, the surplus-profit which arises from the employment of this waterfall is not due to capital, but to the utilization of a natural force which can be monopolized, and has been monopolized, by capital. Under these circumstances, the surplus profit is transformed into ground rent, that is, it falls into the possession of the owner of a waterfall (Marx 1867-1894: 649).

Me kan også sjå verdiskapinga både frå oppdrett og vindkraft på bakgrunn av dette. Nokre fåe har fått eigarskap eller monopol på drift av potensielt verdifulle ressursar. Dei får dimed superprofitten som blir realisert frå ressursen i kraft av kapitalen dei har investert i naturressursen. Utan skatt på grunnrenta, fell all superprofitten til kapitaleigaren.

Hotellingrente og allmenningens tragedie

Dersom det er stor knappheit på ein ressurs, vil det oppstå ei ekstra rente, ei knappheitsrente. Fenomenet har vorte beskrive av den amerikanske økonomen Harold Hotelling (1938), og har derfor vorte kalla Hotellingrente. Denne typen grunnrente oppstår når det er snakk om ein naturressurs som er avhengig av berekraftig bruk, som til dømes matjord, villfisk og skog. Då vil prisen kunna bli høgare enn marginalkostnaden, fordi høgare uttak kan føra til tap av framtidig inntekt. Dette kan også sjåast i samanheng med det som er vorte kalla «allmenningens tragedie» (Hardin 1968), der bruk av ein naturressurs som tener eit individ kan føra til rovdrift og utarming som skadar fellesskapets interesser. Denne problemstillinga har i klartekst kome fram i etableringa av vindkraft på land, der store areal av det som kan sjåast på som vår felles

utmark har vorte kraftig påverka og endra til fortvilning for mange, og til profitt for dei fåe (Figved mfl, 2019). Utbyggarane tener på utviklinga, men fellesskapet får redusert sine naturverdiar, utan å få grunnrente av ein evt. superprofitt.

I vår tid er nobelprisvinnaren Elinor Ostrom kjend for teorien om korleis mange samfunn har funne berekraftige måtar å bruka naturressursane på (Ostrom 2015). Omsynet til berekraftig ressursutnytting kan gjennom regulering og avgifter til dømes gjera at prisen blir høgare enn marginalkostnaden, for å sikra berekraftig bruk og framtidige inntekter av ressursane. Ostrom har vore kritisert for å ikkje ha tilstrekkeleg fokus på rettferdig fordeling i hennar syn på naturressursane. Her har til dømes Franklin Obeng-Odoom (2016) peika på den mykje eldre grunnrenteteorien til den amerikanske økonomiske filosofen Henry George (1839-1897) som eit svar på denne innvendinga. George tok utgangspunkt i Ricardo si differensialrente, men enda opp med noko som likna meir på Marx si forståing av absolutt rente, i eit forsøk på å laga eit rettferdig, moralsk og berekraftig fordelingsystem.

Henry George og den radikale grunnrentelæra.

Henry George meinte at grunnrenta må sjåast som ei ufortent verdistigning som fell til eigaren av grunnen. «Kort sagt», skreiv George, «jordrenten er den andel, den producerede formue, som den udelukkede ret til brugen af naturlige fordele giver ejeren» (George, 1886: 180). Grunnrenta er noko eigar får berre i kraft av å ha eigarskap til ein ressurs. Grunnrente verdien på ein eigedom steig gjerne som følgje av samfunnsutviklinga, som til dømes av at ei tomt vart liggjande meir sentralt som følgje av utbygging av infrastruktur. Dette var ikkje rettferdig profitt, slik George såg det.

Eigedom retten gjorde at nokre få kunne leva av grunnrente åleine, utan å jobba for inntektene, medan inntektene til dei som jobba vart spist opp av stigninga i grunnrente på fast eigedom. George meinte at det ville vera urealistisk å avskaffa den private eigedom retten: svaret var heller å innføra ein skatt på grunnrenta av all grunneigedom. Analysen som førte fram til desse konklusjonane gav George i hovudverket sitt *Progress and poverty* frå 1879. Konteksten for George sin analyse var eit Amerika i rask industriell og økonomisk vekst, i ei tid med utbygging av jernbanar, der dei siste landområda i vest vart bygd ut og busette. Dette er vorte heitande «the gilded age» - den gyldne tidsalderen - i amerikansk historie. Det var ikkje alle som fekk del i denne «gyldne tida»; det var tvert om ei tid med store og veksande økonomiske forskjellar. Dette paradokset fekk George til å skriva *Poverty and progress*, med undertittelen “*An Inquiry*

into the Cause of Industrial Depressions and of Increase of Want with Increase of Wealth” (Bonaparte 1987). Spørsmålet George stilte var kvifor ein samtidig med aukande produktivitet og velstand såg stor naud og fattigdom. George meinte dette var fordi meir og meir av denne velstandsauken vart låst inne i jordeigedom og at avkastinga tilfall eit lite mindretal i samfunnet, grunneigarane.

Henry George i den norske debatten rundt tidleg 1900-tal

Analysen til George interesserte mange i samtida, ikkje berre i USA. *Poverty and progress* vart eit av dei mest lesne verka om økonomi på 1800-talet. Den kom på norsk alt i 1886, med tittelen *Fremskridt og fattigdom*, omsett av venstremannen Viggo Ullman. I føreordet til den norske oversettinga, skreiv Ullman at George sin analyse har potensiale til å: «føre alt det ædle og sande ved sosialismen ud i live, og bøde for dens svagheder og udskeielser». Så begeistra var Ullman, at han sluttar føreordet med eit sitat frå Henrik Wergeland sitt utopiske dikt *Menneske, skabelsen og Messias*, som han meiner peika i same retning som tankane til George:

Endt er den fæle, lurende Fedje

imellem Rigdommen og Arbejde [...]

Den glade Arbedjer nu bor i sine allébeskyggede Vaaningsstræder

saa hvide og rene

som Rigmandspalladsernes Marmorstene. (Wergeland i, George 1886: forord)

Slik Ullman såg det, er det ikkje mindre enn eit fullkome samfunn grunnrentelæra til Henry George skulle kunne leda til. Ullman var ikkje aleine i Noreg om å ha slike utopiske vyar for teoriane til George. Det vart etablert Henry George-lag i Noreg, og tilhengarane av grunnrentelæra til George vart kalla georgistar (Vikse 1976). Tanken om at visse ressursar var nasjonal felleseige, der samfunnet hadde rett til verdistiginga, fekk sterkt fotfeste hos sentrale norske politikarar dei fyrste tiåra av 1900-talet. Arbeidardemokraten Johan Castberg vart mannen som sterkast og mest prinsippfast forfekta dette synet dei to første tiåra av 1900-talet. Energihistorikaren Lars Thue har argumentert for at Castberg og venstremannen Gunnar Knudsen la George sine prinsipp til grunn i utforminga politikken kring vasskrafta fram mot 1917. Thue skriv at både Knudsen og Castberg, hadde «en felles oppfatning om samfunnets rett til en andel av grunneiendommens verdiøkning» (Thue 2003:49). Dette vart knesett som eit gjeldande prinsipp i konsesjonslovene for vasskraft av 1909. Saman med skattelova av 1911 og ervervslova av 1917, la dette prinsippet premissa for vasskrafta som ein felles eigedom der ei

viss avkasting skulle tilfalla folket. Som del av dette regime var også heimfallsretten eit sentralt verkemiddel. Dette innebar at fellesskapet ved staten skulle få eigedomsrett til vassfallet og dei tilhøyrande innrettingane når konsesjonstida er ute.

Skatt på grunnrente som moralsk forankra eigedomspolitik

At George sine idear fekk fotfeste i Noreg tidleg på 1900-talet, kan sjåast som del av det som Øystein Sørensen (2001) har kalla den norske pragmatiske/egalitære nasjonsbyggingstradisjonen, eller det som Francis Sejersted har kalla demokratisk kapitalisme (Sejersted 2001). Fuglestad (2018; 2020) har argumentert for at desse tradisjonane kan sjåast i samanheng med det sosiale og det rettslege eigedomsregimet som vart etablert etter 1814, då nasjonen vart etablert som eit «eigedomsfellesskap» av frie sjølveigarar. Den private eigedomsretten stod sterkt og skulle vera eit fundemnet for folkesuvereniteten. Økonomisk uavhengighet ved eigedom skulle gi politisk uavhengighet for individ og nasjon. Slagstad (1998: 450) har formulert denne tankegangen i moderne form: «et reelt fungerende demokrati forutsetter bred demokratisk kontroll over et systems økonomiske ressurser».

Fuglestad (2018) har utforska korleis denne nasjonale eigedomsideologien har endra seg, og korleis den stod sentralt i norsk nasjonalisme gjennom 1800-talet. Den nasjonale tenkinga om eigedom har ikkje vore vidare systematisk utforska gjennom 1900-talet. Likevel finst tilløp til slike analysar. Slagstad (1998) har vist korleis forståinga av eigedomsretten gjekk gjennom ei endring då konsesjonsdebattane om fossefalla stod. Året etter at dei siste konsesjonslovene vart vedteke i Stortinget (1917), fall det i 1918 ein dom i Høgsterett som slo fast at den individuelle eigedomsretten kunne bli innskrenka, at staten kunne gripa inn i eigedomsretten til individa. Mange meinte at staten skulle gjera dette av sosiale, demokratiske omsyn. Og, som Slagstad viser, vart dette vidareført og radikalisert i arbeidarpartistaten etter 1945. Dette var del av ein breiare «moralsk forankra» politikk, som Flø (2018) har peika på.

Det er som del av ein slik moralsk forankra politikk at grunnrentetankane til George vart brukte om fossekrafta i Noreg. Og det er i denne tradisjonen at tankane om nasjonalt eigarskap til oljeressursane i Nordsjøen på 1970-talet må sjåast. Mellom anna finn me dette prinsippet att i «De ti oljebud». I det første bodet står det at «nasjonal styring og kontroll må sikres for all virksomhet på den norske kontinentalsokkel» Me finn også att denne tankegangen i den første stortingsmeldinga om oljeinntektene sine konsekvensar for det norske samfunnet. Her står det at oljeinntektene gjer at «vi som nasjon blir rikere» og at me må bruka ressursane til å «utvile

et kvalitativt bedre samfunn» (Meld St 25 1973-74: 6-7). Særleg etter oljekrisa 1973-74 innsåg norske politikarar at verdien på oljeressursane ville stiga mykje, og i januar 1974 vart det oppnemnt eit petroleumsinntektsutval. Dette var ei oppfølging til stortingsmelding 25, og utvalet såg særleg på skatteprinsipp. Om dette skriv historikar Tore Jørgen Hanisch at utvalet fann det «hensiktsmessig å benytte seg av grunnrentebegrepet» (Hanisch og Nerheim, 1992: 428). Utvalet fant det rimeleg at «inntekt som flyter fra ressursen som sådan» burde, som Hanisch skriv: «tilfalle ressursens eier, i dette tilfelle den norske stat» (Hanisch og Nerheim 1992: 428). Ikkje alle forslaga som utvalet føreslo vart teke opp som lov, men skatt på grunnrente kom med. Oljeselskapa vart sjølvstøtt skeptiske til dette. Nokre meinte at forslaget var grunnlovsstridig, sidan ein slik skatt ikkje var med i den opprinnelege utlysinga av oljeblokker. Men saka vart ikkje fremja for Høgsterett, og lova vart vedteke av eit nært samrøystes Storting – berre representanten frå Anders Langes Parti (dagens Frp) stemte mot (Hanisch og Nerheim, 1992).

Etableringa av forvaltingsregimet for oljeressursane markerer både høgdepunktet og slutten for den moralsk forankra politikken kring eigedom og demokrati. Dei fleste historikarar er samde om at det skjedde ei ideologisk dreining på slutten av 1970-talet i Noreg, som slo ut i full blomst på 1980 og 90-talet. Marknadstenking fekk større plass i styring av både stat og samfunn (Furre 1992; Slagstad 1998; Innset; 2020). Flø (2018) er ein av dei som sterkest har hevda at dette var eit skifte bort frå ein moralsk og etisk forankra politikk. Me har ikkje eit sterkt nok grunnlag for å seie at denne marknadsvendinga er årsaken til at skatt på grunnrente ikkje vart anvendt på oppdrett og vindkraft. Det ein kan slå fast, er at det er eit samanfall i tid: Samstundes med at marknadsmekanismane festar seg i offentleg styring, er både innsikter frå norsk historie og frå dei sentrale grunnrentetenkjarane lite til stades i politisk tenking. Det må likevel understrekast at i den offentlege utgreiingslitteraturen er grunnrente framleis diskutert, seinast i NOU 2021:4, men det teoretiske grunnlaget for skatt på grunnrente er stort sett fråverande. Tematikken *vil* bli meir relevant i næraste framtid. Grunnen skulle difor vera fruktbar for fleire til å setja seg inn både i den norske historia og i dei klassiske grunnrentetekstane til Ricardo, Marx og George – kanskje vil nokon gjenoppdaga den moralsk forankra eigedoms og skattepolitikken?

Tilbake til grunnrentelandet – Ricardo, Marx og George i dag.

Innsiktene som Ricardo, Marx og George om grunnrenta peikar alle på at grunnrenta er ein nøkkel til å forstå fordeling av verdiskapinga i moderne samfunn. Ricardo si grunnrentelære understrekar kor viktig det er å sjå at naturen har ein ibuande verdi. Marx og George peikar

kvar på sitt vis på korleis grunnrenta, fordi den kjem frå den private eigedomsretten til naturressursar, blir systematisk skeivfordelt, dersom me ikkje skattlegg grunnrenta eller endrar på eigedomstilhøva.

Som me har sett frå gjennomgangen i denne artikkelen, har me i Noreg i det tjuande hundreåret fordelt grunnrenteveddiar frå naturressursar som gjev superprofitt via ei pragmatisk skattlegging etter Ricardo og George sine moralske prinsipp. Dette var delvis mulig fordi ein slik tankegang passa inn i dei ideologiske og materielle rammene til den tidlege norske nasjonalstaten. Spørsmålet er om det norske eigedomsfellesskapet no har endra seg slik at prinsippet om skatt på grunnrente ikkje passar like godt inn? Det kan i så fall få store konsekvensar dersom utviklinga i dei nye bioøkonomiane gjer at fleire av dei fornybare naturressursane våre får stort potensiale for verdiskaping. Før politikarane legg bort tanken om skatt på grunnrente i dei nye, grønne næringane, burde kanskje fleire setja seg inn i tankane til Ricardo, Marx og George og gjera ein visitt tilbake til grunnrentelandet?

Referansar

Almás, R. (2002). *Norsk landbrukshistorie: Frå bygdesamfunn til bioindustri*. Oslo: Samlaget.

Brigham, A.M. og J.W. Moses (2021). Den nye oljen. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*. Volum 37 (1): 4-25.

Blomgren, A, Ø. Fjelldal og C. Quale (2020). «Hva må til for at Norge skal få økt verdiskaping i bioøkonomirelatert næringsliv?» I Burton, R.M. Forbord, E.M. Fuglestad og M.B. Ellingsen (red.), *Etter oljen: vår bioøkonomiske fremtid*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske.

Bonaparte, T.H. (1987) «Henry George's Impact at Home and Abroad: He Won the Workers of Marx's Adopted Country but through Leninism Marxism Has Won Half the World» *The American journal of economics and sociology* 46 (1): 109-124.

Bottomore, T.L. Harris, V.G. Kiernan & R. Miliband (2006)[1983] *A dictionary of Marxist thought*. Oxford: Blackwell Publishing.

Burton R. og E.M. Fuglestad (2020) «Hva er bioøkonomien og hvorfor trenger vi den?» I Burton, R.M. Forbord, E.M. Fuglestad og M.B. Ellingsen (red.), *Etter oljen: vår bioøkonomiske fremtid*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske.

- Dasgupta, P. (2020) *The economics of biodiversity: the Dasgupta review. Abridged version.* London: HM Treasury.
- Daugstad, K., A.R. Sanders, P. Thonstad Sandvik & E. Storli (2016) «Dealing with globalisation: the Nordic countries and inward FDI, 1900–1939», *Business History*, 58 (8): 1210-1235.
- Figved, S., I. Fredriksen og K. Kleppe (2019) «Vindparadiset» *TV2*, 23. November 2019.
- Flemsæter, F., S. Frisvoll og H. Vinge (2020) «Retten til bioressursene». I Burton, R., M. Forbord, E.M. Fuglestad og M.B. Ellingsen (red.), *Etter oljen: vår bioøkonomiske fremtid.* Oslo: Cappelen Damm Akademiske.
- Flø, B.E (2018) «Av svik kom mistru sigande» *Samtiden* 1: 54-61
- Folkvord, B. og E. Furuseth (2018) «Høyaktuell Grunnrenteskatt». *Skatterett* 37: 207-208.
- Fuglestad, E.M. (2018) *The emergence of Nationalism in the US and Norway: the making of propertied communities.* Basingstoke: Palgrave.
- Fuglestad, E.M. (2020) «Nasjonen som eideomsfelleskap: Nasjonsbyggingstradisjonen frå Eidsvoll og Philadelphia». I Frydenlund, B., T.R. Hamre og A. Larsen (red.), *Grunnlovsfedre på tvers av Atlanteren.* Oslo: Spartacus Forlag.
- George, H. (1886) *Fremskridt og fattigdom: en undersøgelse af årsagerne til de industrielle kriser og fattigdommens vækst midt under den voksende rigdom.* Kristiania.
- Gomez-Baggethun, E. og J.M. Naredo (2015) «In search of lost time: the rise and fall of limits to growth in international sustainability policy» *Sustainability Science*, 10: 385-395.
- Hanisch, T, J og Nerheim G (1992) *Fra vantro til overmot.* Oslo: Leseselskapet.
- Hardin, G. (1968) «Tragedy of the commons» *Science*. 162(3859): 1243-1248
- Harvey, D. (2018) *A companion to Marx's Capital.* London: Verso.
- Hotelling, H. (1938) «The General Welfare in Relation to Problems of Taxation and of Railway and Utility Rates». *Econometrica*. 6 (3): 242–269. doi:10.2307/1907054.
- Hustad, J. (2019) «Grunnrentelandet» *Dag og Tid*, 1. November 2019.
- Keilhau, W. (1916) *Grundrentelæren.* Kristiania: Aschehoug & CO.

Marx K., (1867-1894) *Capital, Vols. I-III*. New York: International Publishers. Sitat henta frå Marx, K. (1973). *Kapitalet – tredje boken*. Stockholm, Bo Cavefors Bokförlag.

Meld. St. 25 (1973-1974) Petroliumsvirksomhetes plass i det norske samfunn. Regjeringen.no [Meld. St. 25 \(1973-1974\) - regjeringen.no](#) lasta ned 27.01.2021.

Moses, J.W. and Letnes, B. (2017) *Managing resource abundance and wealth. The Norwegian experience*. Oxford: University Press

Nordby, T. (1991) *Det modern gjennombruddet i bondesamfunnet: Norge 1870-1920*. Oslo: Universitetsforlaget.

NOU 2013: 10 (2010) *Naturens goder – om verdien av økosystemtjenester*. Oslo: Departementene.

NOU 2019:16 (2019) *Skattlegging av vannkraft*, Oslo: Departementene.

NOU 2019:18 (2019) *Skattlegging av havbruksvirksomhet*. Oslo: Departementene.

NOU 2021: 4 (2022) *Norge mot 2025 — Om grunnlaget for verdiskaping, produksjon, sysselsetting og velferd etter pandemien*. Oslo: Departementene.

Obeng-Odoom, F. “The Meaning, Prospects, and Future of the Commons: Revisiting the Legacies of Elinor Ostrom and Henry George” *American journal of economics and sociology* 75 (2): 372-414.

Ostrom, E. (2015)[1990] *Governing the commons: the evolution of institutions for collective action*. Cambridge: Cambridge University press.

Otte, P., K, Rønningen og E Moe (2018) «Contested wind energy: discourses on energy impacts and their significance for energy justice in Fosen» i Szolucha, A (2018) *Energy, Resource extraction and Society: impact and contested futures*. New York: Routledge.

Piketty, T. (2014) *Capital in the twenty – first century*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.

Regjeringen (2016b) *Regjeringens bioøkonomistrategi: kjente ressurser – uante muligheter*.

Ricardo, D. (1911). *The Principles of Political Economy and Taxation*. London, New York, J.M. Dent & Sons.

Ryggvik, H. (2010) *Til siste drupe: om oljens politiske økonomi*. Oslo: Aschehoug.

Sandemose, J. (2018) *Class and property in Marx`s economic thought: exploring the basis of capitalism*. London og New York: Routledge.

Slagstad, R. (1998) *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag.

Thue, L. (2003) *For egen kraft: kraftkommunene og det norske kraftregimet 1887-2003*. Oslo: Abstrakt Forlag.

Vikse, O. (1976) *Jord – Skatt – Rettferd: Georgismen i norsk samfunnsdebatt 1885-1909*. Bergen.